



Merete Skarsvåg  
Røysetvegen 100  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1203 - 14/3572

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
eli.bjorklid@meland.kommune.no

Dato:  
11.03.2014

## Byggetiltak på gnr. 13, bnr. 4 på Røyset.

**Administrativt vedtak. Saknr: 45/2014**

### Saksutgreiing:

Det vert synt til synfaring på eigedommen gnr.13 bnr.4 Røyset i Meland.

Synfaring fann stad etter varsel frå publikum. Eigaren var ikkje til stades når kommunen kom på stade, men kom til tunet i det kommunen skulle gå.

Det vart då ein samtale mellom eigar og kommunen om dei tiltaka som var synlege på tunet:

- Planering framfor løa – i samsvar med løyve gjeve av kommunen i sak 35/2014.
- Sprenging og eventuelt planering av eit større areal framfor løa og vestover mot nabogrense
- Planering av tilkøyrt masse
- Oppstilling av diverse bilvrak og noko boss på plassen

Synfaring galdt først og fremst tiltak knytt til sprenging og endringar av terrenget. Dette tiltaket er det ikkje søkt om. Tiltaket har eit omfang som gjer at det etter kommunen sin vurdering fell inn under §20-1 bokstav k) i plan- og bygningslova – vesentleg terrenginngrep.

Det er tiltakshavar som er ansvarleg for å søke, og for å vurdere om tiltaket har slikt omfang at det er naudsynt at søknaden vert sendt av eit føretak med ansvarsrett, eller om tiltakshavar kan stå som søker sjølv.

Kommunen vurderte det som kom fram på synfaringa dit at det var naudsynt å gje stoppordre på staden. Dette vart gjort. Det er såleis ikkje tillate for tiltakshavar å gå vidare med arbeidet før det er sendt søknad og det er gjort vedtak i saka frå kommunen si side.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

«Med heimel i pbl §20-1 bokstav k) gjer Meland kommunen vedtak om at arbeid med sprenging og planering framfor løa på gnr.13 bnr.4 må stoppast med frå dags dato 11.03.2014.

Det må sendast søknad til kommunen om løyve til tiltaket. Arbeidet kan ikkje takast opp att før søknaden er handsama og vedtak fatta.»

*Vedtaket kan påklagast jf forvaltingslova § 28, sjå vedlagte skjema.*

## Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Eli Bjørklid  
konsulent

### Mottakere:

Merete Skarsvåg

Røysetvegen 100 5918

FREKHAUG